

Søknad om skjønnsmidlar til prosjekt om busetting av flyktingar i Hordaland

Kommune:	Meland kommune
Søknadsbeløp:	750 000
Kommunens eigendel:	750 000 i arbeidsinnsats
Kontaktinformasjon:	Arngunna Haga / Tove Hagenes
Stilling i kommunen:	Leiar / flyktingkonsulent
Adresse:	NAV Meland
Telefon:	55553333 (direkte leiar 99 37 20 98)
E-post:	arngunna.haga@nav.no

Namn på prosjektet:

Ressurskoordinator

Prosjektperiode:

2015-2017

Målsetting:

Meland kommune skal sikre at våre busette flyktingar etter introduksjonsprogram er økonomisk sjølvstendige og godt integret i samfunns- og arbeidsliv.

I prosjektperioden vil Meland kommune arbeide aktivt og systematisk for at fleire av dei busette flyktingane er yrkesaktive og ikkje avhengige av økonomisk sosialhjelp.

Prosjektskildring:

Meland kommune skal i perioden 2015-2018 busette 60 flyktingar. I tillegg har kommunestyret i samband med situasjonen i Syria fatta vedtak om ytterlegare 16 i perioden 2015-2016.

Vi opplever at det er vanskelegare for flyktingane no enn for berre få år tilbake å få innpass på arbeidsmarkanden både i ordinært arbeid og gjennom arbeidsretta tiltak.

Det er eit tomrom mellom introduksjonsprogrammet og NAV sine arbeidsretta tiltak for vaksne. Alt for mange gonger blir tomrommet fylt med passiv økonomisk sosialstønad. Ein for stor del av flyktingane står utan arbeid eller skuleplass etter introduksjonsprogram. Ofte har dei ikkje nytte av arbeidsretta tiltak via NAV då særleg språknivået er for lågt til å kunne nyttiggjere seg tiltaka.

Ressurskoordinator skal gi tett og koordinert oppfølging av den enkelte. Vi ynskjer å arbeide for å utvikle samarbeid med aktuelle instansar for målgruppa og jobbe til det beste for den enkelte flykting på tvers av grensesnitt mellom opplæring, arbeid, fylkeskommune, stat og kommune.

Kvalifisering for arbeidslivet kan gjerast på fleire måtar. Ressurskoordinator vil ha fokus på meistring. Programmet skal visa den enkelte deltakar kva muligheter som er på arbeidsmarkanden og

samstundes avdekke kva bistand deltakaren eventuell treng for å lukkast. Programmet skal støtte deltakaren til innsikt i eigne forutsetningar, faglege og sosial kompetanse, særskilde evner og interesser knytt til arbeidsdeltaking. Programmet vil nytte ordinært arbeidsliv for arbeidsutprøving, kvalifisering og dokumentasjon av yrkesfaglege ferdigheter.

Programmet vil ha ein grunnleggjande tanke om at motivasjon for utdanning eller anna kvalifisering er viktig for å få og bli verande i arbeid.

Ressurskoordinator vil ha tett dialog med NAV Tiltak, Intro og marknad (NAV Hordaland) slik at tiltaksaktiviteten vert samordna for målgruppa.

Målgruppa for prosjektet er busette flyktningar siste 5 år som mottar økonomisk sosialstønad etter avslutta introduksjonsprogram. Prosjektilsett vil ha kvar enkelt flyktning i fokus og arbeide tett med den enkelte. Flyktningen i prosjektet skal sjølv eige sitt liv og sine val, men skal få bistand av ressurskoordinator til å finne meistringsområda sine og bruke eigne ressursar for å nå eigne mål. Prosjektet er brukarorientert . Brukarmedverknaden er sikra.

Framdriftsplan for 2015:

1. oktober 2015	Tilsette prosjektkoordinator
1. november 2015	Identifisert målgruppa med inntil 20 flyktningar
31. desember 2015	Ferdigstilt aktivitetsplan på samtlege med inntil 37,5 timar per veke
1. januar 2016 –	Kontinuerleg oppstart kvar månad for nye deltakarar i programmet.
1. januar 2018	Ny arbeidsform etablert

Budsjett:

Lønsmidlar	NOK 750 000
Eigeninnsats	NOK 750 000
Totalt	NOK 1.500.000

Andre opplysningar:

Bømlo kommune og Meland kommune har eit ynskje om å få tildelt prosjektmidlar til same prosjekt i desse to kommunane. Dette for å kunne samarbeide og utveksle informasjon og gode arbeidsmetodar på tvers. Vi meiner samarbeid kring metodisk arbeid vil gjere at me lettare vil nå målet om kvalifisering for busette flyktningar i desse to kommunane.



Arngunna Haga
Leiar NAV